



Også ei rask graut-servering bidrog til det vellukka arrangementet på Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Det er eit viktig poeng til som bør fram i ein oppsummering av skulen si juleavslutning på Dønhaug måndagskvelden, og det er grautserveringa, seier fleire til uskedalen.no.

Det var foreldra – det vil seie FAU – som hadde ansvaret for denne delen av det svært vellukka arrangementet. Dei koka grauten på Helgheim og serveringa gjekk unna beundringsverdig fort då underhaldningsdelen var over på Dønhauglåven. Ein lyt hugsa på at det var fleikre enn 250 til stades!

Ikkje minst rektor Vidar Haugland er imponert over denne delen av arrangementet og slår fast at alle partar gjorde ein beundringsverdig jobb slik at resultatet vart bra.

- Og skulen kjem attende til Dønhaug?

- Det får vi tru, men vi har gjort eit vedtak om at vi skal vera inne og ute annankvart år. Difor blir arrangementet i Aktivitetshuset neste år. Men i 2008 er vi attende på Dønhaug hvis tilhøva elles ligg til rette for det, lovar rektor Haugland.

Magne Huglen har lova å få til ein enklare form for isolering av låveveggane supplert med oppvarming ved framtidige arrangement i låven i den kalde årstida.

Av Ola Matti Mathisen